

Julekonkurranse: Kven er dette?(7)

28.12.2015



No nærmar vi oss mål på denne julekonkurransen. Den vert avslutta på årets siste dag, nyttårsaftan, og siste svarfristen er når fyrværkeriet lyser opp på himmelen og markerer at vi går inn i 2016. Men før det er det tre omgangar med muligheter for poeng. Kven er på dagens bilet?

Dagens vers:

Dyredag på skulen er alltid populært,
og sauene er eit dyr så kjært.

Derfor treng den ein flink frisør,
men kven er det som står bøygð og dette gjør?
Fleire flinke sauveklipparar bygdene her har,
men vi er berre ute etter denne kar.

Då er det berre å koma med framlegg til svar innan 29.12. kl.23.59. De kan som vanleg senda på epost til thordossland@gmail.com eller som sms til 932 88 237.

Oljesjeiken i gårdagens konkurranse var **Lars Myklebust** som gjennom åra har selt atskilige liter med både dieselolje og andre oljevariantar. Nokre meinte det var Einar Gjertsen, men det er nok ein annan sjeik! Det er kjekt å høyre at nokon har gjort konkurransen til ein familieaktivitet. Kjekt er det også at ein skilde engasjerer vennekretsen i diskusjon av framlegg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland